

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Ronny Kile

Arkivsak: 25/1048

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
FORMANNSKAPET	12.11.2025	129/25
ARBEIDSMILJØUTVALET	14.11.2025	085/25
LEVEKÅRSUTVALET	18.11.2025	051/25
UTVAL FOR MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK	24.11.2025	055/25
FORMANNSKAPET	01.12.2025	139/25
KOMMUNESTYRET		

Stranda kommune - Budsjett 2026/Økonomiplan 2026 - 2029

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin investeringsdel, heriblant for investeringsbudsjett 2026, slik det går fram av oppstillinga løyvingsoversikt etter § 5-5, 1. ledd vist i framlagte budsjettdokument frå kommunedirektøren.

Løyvingane til dei einskilte investeringsprosjekta vert fastsett slik som går fram av løyvingsoversikt Investeringar i varige driftsmiddel og løyvingsoversikt Tilskot til andre sine investeringar, begge etter § 5-5, 2. ledd.

Kommunestyret vedtek ei låneramme på kr 149 740 000 til finansiering av investeringsprosjekt i 2026, og med 30 år som nedbetalingstid for låneopptaket. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.

Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å ta opp likviditetslån eller opprette trekkrett innafor ei ramme på 30 mill. kroner.

Kommunestyret vedtek låneopptak for inntil 10 mill. kroner til Startlån i 2026.

2. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin driftsdel, mellom anna for driftsbudsjett 2026, slik som går fram av oppstillinga løyvingsoversikt drift etter § 5-4, 1. ledd vist i framlagte budsjettdokument frå kommunedirektøren.

Løyvingane i form av nettoramme til dei einskilte budsjettområda, vert fastsett slik som går fram av oversikten etter § 5-4, 2. ledd.

3. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt etter § 3 a) i Lov om eigedomsskatt til kommunane. Kommunestyret vedtek utskriving i 2025 med 4 o/oo på

bustadeigedomar og hytter/fritidseigedomar og 6 o/oo på alle objekt som fell inn under § 3 d) i lova, samt på bygning og grunn i tidlegare verk og bruk, jf. andre ledd i overgangsregel til §§ 3 og 4 i lova.

Kommunestyret vedtek at eigedomsskattegrunnlaget for objekta der det er kommunalt fastsett takst, vert kontorjustert med +2 % - jf. § 8 A-4 i lova.

Forfall vert sett til 15. mars, 15. juni, 15. september og 15. desember.

4. Skatt på inntekt og formue for forskotspliktige skattytarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.
5. Kommunestyret fastsett nye satsar for gebyr, eigenbetalingssatsar og eigedomsskatteavgifter i 2026, slik endringane har blitt vedtekne i eigne saker i haust. Kommunestyret vedtek generell auke i prisane for 2026 med 3,5 % for tenester som ikkje er spesifikt omhandla i desse sakene.
6. Godtgjersla til ordføraren vert sett til 9,0 G.
7. Kommunestyret vedtek årleg eigaruttak frå Stranda Hamnevesen KF i økonomiplanperioden 2026-2029 etter same prinsipp som tidlegare år. Kommunestyret legg derfor til grunn eit årleg uttak av midlar frå overskotet på 8 mill. kroner med 1 mill. kroner i nedtrapping i heile økonomiplanperioden, og at dette vert innstilt frå styret i hamnevesenet i rekneskapssaka for sist tilbakelagte år. Kommunestyret legg derfor også til grunn at Stranda Hamnevesen KF finansierer overføringa av midlar til kommunekassa med bruk av disposisjonsfond, og at dette går fram av økonomiplan og årsbudsjett til hamnevesenet. Kommunestyret finn ikkje rom for å føre tilbake noko av eigaruttaket som vart gjort i 2025.
8. Driftstilskot til Storfjorden kyrkjelege fellesråd blir sett til kr 4.610.000. Generelt Investeringsstilskot kr 400.000. Investeringsstilskot gravstadar kr 3.000.000
9. Budsjett til kontroll og revisjon (jf. forslag frå Stranda kontrollutval) blir sett til kr 1 818 500 fordelt slik:
 - Kontrollutvalet – møtegodtgjersle og kompetanse kr 186 000
 - Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 440 273
 - Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1 172 500

**Tilråding som vedtak frå UTVAL FOR MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK,
24.11.2025 - 055/25**

Budsjett 2026 vert tatt til vitande, med følgande endring under pkt 1 i investeringsbudsjettet i kommunedirektøren si tilråding:

1. Byggefelt Stranda – post 6207

MK utvalet vedtek at tiltaket Byggefelt Stranda (post 6207) utgår. Posten vert stroke frå investeringsbudsjettet for perioden 2026–2029.

Total nedtrekk: 30 mill. kr.

2. Maskiner og utstyr – Hjullaster – post xxxx

MK utvalet vedtek at anskaffing av hjullaster (post xxxx) tas ut av investeringsbudsjettet.

Posten vert stroke frå budsjett- og økonomiplan 2026–2029. Tiltaket vert flytta til drift, og

investeringsbudsjettet vert redusert med 2,5 mill. kr.

3. Gatelys – trinnvis modernisering (post 6003)

Utvalet vedtek trinnvis energieffektivisering av gatelys med overgang til LED armaturer.

Desse skal instalerast i eksisterande infrastruktur. Etablering av målarar for reelt straumforbruk er også eit viktig kostnadsbesparande tiltak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekke for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift og effektar.

Løyvingar:

- 2026: 2 mill. kr
- 2027: 5 mill. kr
- 2028: 2 mill. kr
- 2029: 1 mill. kr

Total ramme: 10 mill. kr (nedtrekk 5 mill. kr frå tidlegare ramme).

4. Veginvesteringar (post 6130)

Utvalet vedtek ei trinnvis og kostnadseffektiv satsing på veginvesteringar, med prioritet på vegar som reduserer framtidige vedlikehaldskostnader. Asfatering med fundamentering, grøfter og rør som vedlikehaldsreduserande tiltak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekke for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift, økonomi og gevinstar.

Løyvingar:

- 2026: 8 mill. kr
- 2027: 5 mill. kr
- 2028: 3,5 mill. kr
- 2029: 4 mill. kr

Total ramme: 20,5 mill. kr.

Auke i høve til tilrådd ramme: 11,5 mill. kr.

5. Trafikksikring (post 6720)

Utvalet vedtek ei målretta satsing på trafikksikringstiltak, med prioritet på eksisterande vedtak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekke for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift og tryggingstiltak.

Løyvingar:

- 2026: 2 mill. kr
- 2027: 1 mill. kr
- 2028: 1 mill. kr
- 2029: 1 mill. kr

Total ramme: 5 mill. kr (nedtrekk 5 mill. kr frå tidlegare ramme).

6. Planvask av gjeldande reguleringsplanar

Utvalet vedtek gjennomføring av planvask av gjeldande reguleringsplanar. Dette for å sikre oppdatert planverk som gir ferre dispensasjonssøknader og dermed ei meir effektiv sakshandsaming. Kommunedirektøren rapporterer årleg om status, framdrift og resultat.

Løyvingar:

- 2026: 1,5 mill. kr
- 2027: 1,5 mill. kr

Total ramme: 3 mill. kr.

7. Bustadutvikling i Langlo 3

- Løyvingane skal nyttast til planlegging, prosjektering, planfaglege utgreiingar og anna nødvendig førearbeid for å sikre eit fagleg og rettsleg tilfredsstillande grunnlag for vidare bustadutvikling i Langlo 3.

$$42,5 \text{ mill. kr} - 16 \text{ mill. kr} = 26,5 \text{ mill. kr}$$

MK utvalet vurderer at dei samla justeringane i investeringsbudsjettet gir ei betre fordeling av ressursar mot tiltak med størst dokumentert samfunnsnytte, mellom anna redusert drifts- og vedlikehaldskostnader, mindre energiforbruk, bruk av eksisterende infrastruktur i bustadfelt og målretta tryggingstiltak. Alle prosjekt innan gatelys, veg, bustadfelt og trafikksikring krev politisk forankring før oppstart, sikrar utvalet openheit, kontroll og tydelege prioriteringar i økonomiplanperioden 2026–2029.

Framlegg til vedtak frå Stranda Høgre, Stranda FrP, Steinar Aanning, Frode Mork, og Roger Horremsbakk, foreslått av Ordførar Einar Arve Nordang, Høgre

Prosjekt	Løyvingsoversikt investering	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Totalt
ALLE	Sum løyving til investeringar i varige driftsmidd	kr 197 550 000	kr 325 950 000	kr 69 700 000	kr 91 700 000	kr 684 900 000
1200	IKT utstyr/data	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 4 000 000
2017	Brannsikring skule/barnehage	kr 200 000				kr 200 000
2018	Ny barneskule Stranda	kr 200 000	kr 1 000 000	kr 5 000 000	kr 20 000 000	kr 26 200 000
XXXX	Skule/barnehage Geiranger			kr 200 000		kr 200 000
3027	Sunnylven distrikt - ventilasjonsanlegg	kr 1 000 000				kr 1 000 000
4026	Storhall Stranda	kr 200 000	kr 1 000 000	kr 5 000 000	kr 5 000 000	kr 11 200 000
5101	Geovekst flyfoto		kr 200 000		kr 200 000	kr 400 000
5206	Sjukeheim Stranda	kr 100 000 000	kr 218 000 000			kr 319 000 000
6001	Fjernvarmeanlegg	kr 200 000				kr 200 000
6003	Gatelys	kr 5 000 000	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 1 000 000	kr 10 000 000
6020	Grunnkjøp	kr 10 000 000	kr 5 000 000	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 19 000 000
6130	Veginvestering	kr 8 000 000	kr 5 000 000	kr 3 500 000	kr 4 000 000	kr 20 500 000
xxxx	Bruer, landkar Helstadbrua 1. år	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 500 000	kr 3 500 000
xxxx	Investering bygg (romkontroll, inngangsport)	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 8 000 000
xxxx	Reguleringsplanarbeid naust + Stranda sentrum	kr 2 000 000	kr 2 000 000			kr 4 000 000
xxxx	Stranda brannstasjon		kr 500 000	kr 2 000 000	kr 25 000 000	kr 27 500 000
6164	Bru Fursetøyane	kr 1 000 000	kr 8 000 000			kr 9 000 000
6207	Byggefelt Stranda	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0
xxxx	Maskiner og utstyr (hjullaster)	kr 0				kr 0
xxxx	Kjøp av brukt tankbil brann Stranda	kr 2 000 000				kr 2 000 000
6300	VA maskiner og utstyr (P6300-P6319)	kr 1 500 000	kr 2 000 000			kr 3 500 000
6320	Stranda VA (P6320-P6349)	kr 10 000 000	kr 40 000 000	kr 45 000 000	kr 30 000 000	kr 125 000 000
6350	Hellesylt VA (P6350-P6369)	kr 30 000 000	kr 10 000 000			kr 40 000 000
6370	Geiranger VA (P6370-P6389)	kr 10 000 000	kr 17 000 000			kr 27 000 000
xxxx	Liabygda VA	kr 0		kr 0		kr 0
6720	Trafikktrygging (P6720-P6739)	kr 2 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 5 000 000
7500	Bustader livsløp mv.	kr 7 000 000	kr 5 000 000			kr 12 000 000
7501	Planlegging/prosjektering Helse og omsorg1	kr 1 000 000	kr 1 000 000			kr 2 000 000
xxxx	Planvask av gjeldande reguleringsplanar	kr 1 500 000	kr 1 500 000			kr 3 000 000
xxxx	Planlegging Langbø 3	kr 750 000	kr 750 000			kr 1 500 000

Budsjett og økonomiplan 2026 – 2029

Framlegg til vedtak frå Stranda Høgre, Stranda FrP, Steinar Aanning, Frode Mork, og Roger Horremsbakk.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 – 2029 i tråd med kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, men med endringar som følger under:

Endring punkt 1 i tilrådinga, Løyvingsoversikt investering etter § 5-5, 1. ledd i økonomiplan 2026 – 2029 skal endrast som i tabell under. Naudsynt låneramme må justerast i tråd med dette.

- Endring punkt 2 (drift) i tilrådinga, leasing hjullastar. Eventuell leasing av ny hjullastar skal leggst inn som ei auke i driftsbudsjettet kommunalteknikk. Midlane skal takast frå reduserte budsjetterte lånekostnader (i tråd med reduksjon i investeringsbudsjettet (i tabell))

Framlegget fekk 4 mot 3 røyster

- Endring punkt 2 og 3 i tilrådinga, drift/eigedomsskatt. Eigedomsskattegrunnlaget for objekta der det er kommunalt fastsett takst, skal ikkje verte kontorjustert. Dette vert også finansiert med reduksjon i budsjetterte lånekostnader (i tråd med reduksjon i investeringsbudsjettet (i tabell)) Frå 2027 og ut perioden skal det budsjetterast med reduksjon i inngang eigedomsskatt på 3 MNOK årleg.

Framlegget fekk 4 mot 3 røyster

- Endring punkt 7 i tilrådinga, eigaruttak Stranda Hamnevesen KF. Kommunestyret vedtek å be styret i SHKF om eigaruttak frå Stranda Hamnevesen KF i 2026. etter same prinsipp som tidlegare år. Kommunestyret legg derfor til grunn uttak av midlar frå overskotet på 8 mill. kroner for 2026, men legg ikkje opp til eigaruttak vidare i økonomiplan-perioden. Kommunestyret finn ikkje rom for å føre tilbake noko av eigaruttaket som vart gjort i 2025.

Framlegget fekk 4 mot 3 røyster

Forklaring til endringar i framlagt tabell investeringsbudsjett:

Byggefelt Stranda – post 6207

Tiltaket Byggefelt Stranda (post 6207) utgår. Posten vert stroke frå investeringsbudsjettet for perioden 2026–2029.

Samrøystes

Maskiner og utstyr – Hjullaster – post xxxx

Anskaffing av hjullaster (post xxxx) vert teken ut av budsjett- og økonomiplan 2026–2029.

Eventuell ny hjullaster skal vere på leasing-avtale, og tiltaket skal då flyttast til driftsbudsjettet.

Samrøystes

Gatelys - post 6003

Det vert løyvd midlar til ei trinnvis energieffektivisering av gatelys med overgang til LED armaturar. Desse skal installerast i eksisterande infrastruktur. Etablering av målarar for reelt straumforbruk er også eit viktig kostnadssparande tiltak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekkje for politisk forankring i Utval for miljø og kommunalteknikk. Kommunedirektøren rapporterer årleg til utvalet om framdrift og effektar.

Samrøystes

Veginvesteringar - post 6130

Det vert løyvd midlar til ei trinnvis og kostnadseffektiv satsing på veginvesteringar. Prioritet skal vere på tiltak som reduserer framtidige vedlikehaldskostnader, t.d. asfaltering med fundament, grøfter og rør. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekkje for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift, økonomi og gevinstar.

Samrøystes

Liabygda VA – post xxxx

Vert teken ut av planen jfr. flytting av Liabygda til Fjord.

Samrøystes

Trafikksikring - post 6720

Det vert løyvd midlar til ei målretta satsing på trafikksikringstiltak, med prioritet på eksisterande vedtak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekkje for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift og tryggingstiltak.

Samrøystes

Helse og omsorg - post 7501

Det vert løyvd midlar til planlegging og prosjektering innan Helse og omsorg. Det skal gjerast ei utgreiing av evt. strukturendringar, framtidig bruk av eksisterande bygningsmasse mv. Det vil kome ei eiga sak på dette.

Samrøystes

Planvask av gjeldande reguleringsplanar

Det skal gjennomførast planvask av gjeldande reguleringsplanar. Dette for å sikre oppdatert planverk som gir færre dispensasjonssøknader og ei meir effektiv sakshandsaming.

Kommunedirektøren rapporterer årleg om status, framdrift og resultat.

Samrøystes

Bustadutvikling i Langlo 3

Det ver løyvd midlar for å starte arbeid med å opne for vidare bustadutvikling i Langlo 3, med vekt på å nytte eksisterande infrastruktur for veg, vatn og avløp.

Kommunedirektøren skal setje i gang med naudsynt plan- og prosjekteringsarbeid, derunder vurdering av forlenging av vegane Legesletta, Pettervegen, Tegane og Ospesletta som grunnlag for framtidig bustadføremål.

Kommunedirektøren skal setje i verk naudsynte reguleringsprosessar etter plan- og bygningslova, inkludert planprogram, konsekvensutgreiingar og detaljregulering der dette er påkravd.

Samrøystes

Andre saker angående økonomiplan:

Sak angående vurdering av eigarskap i Tussa:

Det skal innan februar 2026 leggjast fram sak for kommunestyret, med bestilling av konsulentbistand innan kraftomsetning og verdiforvaltning. Konsulent-selskapet som skal brukast skal ikkje ha bindingar til vår region eller kraftselskapa i regionen.

Konsulentane skal greie ut ei sak på evt. sal av heile eller deler av aksjane i Tussa kraft.

Det skal vere ei grundig og detaljert utgreiing som synleggjer følgjande alternativ:

- Halde fram som i dag, med verdiauke på aksjane og eit lite årleg utbytte
- Sal av alle aksjane i Tussa
- Sal av halvparten av aksjane i Tussa, t.d. A-aksjane

Framlegget fekk 4 mot 3 røyster

Sak angående innføring av investeringsplan:

Kommunestyret bestiller ei sak på innføring av investeringsplan. Intensjonen er å få på plass eit meir ryddig, realistisk og oversiktleg investeringsbudsjett og investeringar i økonomiplanen.

Det skal utarbeidast eit «trafikklys» system, med rødt, gult og grønt nivå

- Rødt nivå- er investeringar som ikkje er verken regulert, prosjektert, gjennomført grunnkjøp eller anna planlegging
- Gult nivå - prosjekt som er under regulering/prosjektering og grunnkjøp under utarbeiding/forhandlingar
- Grønt nivå - prosjekt som er ferdig regulert, ferdig prosjektert og grunnkjøp gjennomført og alle relevante søknadar godkjent.

Slike prosjekt blir lagt inn i komande års budsjett, og lyst ut på anbod etter eigne kommunestyrevedtak.

Med eit slikt system, som er likt med det til dømes Møre og Romsdal fylkeskommune nyttar, vil grøne prosjekt bli vedtatt i eige byggjeprogram i april/mai mnd i inneverande år, for vår del skulle dette vore gjennomført i april/mai mnd i år, og vedteke byggjeprogram i juni i kommunestyret.

Vi ber kommunedirektøren kome tilbake til kommunestyret med sak på dette innan mars 2026.

Samrøystes

Gatelys , foreslått av Gunhild Kvam, Senterpartiet

Nytt punkt:

Formannskapet ber om at det vert sett ned ei arbeidsgruppe for finansiering og bygging av gatelys i Geiranger, der alle relevante partar skal ta del.

Samrøystes

Møtebehandling

Tilråding til kommunestyret

FOR - 139/25 Vedtak

Prosjekt	Løyvingsoversikt investering	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Totalt
ALLE	Sum løyving til investeringar i varige driftsmidd	kr 197 550 000	kr 325 950 000	kr 69 700 000	kr 91 700 000	kr 684 900 000
1200	IKT utstyr/data	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 4 000 000
2017	Brannsikring skule/barnehage	kr 200 000				kr 200 000
2018	Ny barneskule Stranda	kr 200 000	kr 1 000 000	kr 5 000 000	kr 20 000 000	kr 26 200 000
XXXX	Skule/barnehage Geiranger			kr 200 000		kr 200 000
3027	Sunnylven distrikt - ventilasjonsanlegg	kr 1 000 000				kr 1 000 000
4026	Storhall Stranda	kr 200 000	kr 1 000 000	kr 5 000 000	kr 5 000 000	kr 11 200 000
5101	Geovekst flyfoto		kr 200 000		kr 200 000	kr 400 000
5206	Sjukeheim Stranda	kr 100 000 000	kr 218 000 000			kr 319 000 000
6001	Fjernvarmeanlegg	kr 200 000				kr 200 000
6003	Gatelys	kr 5 000 000	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 1 000 000	kr 10 000 000
6020	Grunnkjøp	kr 10 000 000	kr 5 000 000	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 19 000 000
6130	Veginvestering	kr 8 000 000	kr 5 000 000	kr 3 500 000	kr 4 000 000	kr 20 500 000
xxxx	Bruer, landkar Helstadbrua 1. år	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 500 000	kr 3 500 000
xxxx	Investering bygg (romkontroll, inngangsport)	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 8 000 000
xxxx	Reguleringsplanarbeid naust + Stranda sentrum	kr 2 000 000	kr 2 000 000			kr 4 000 000
xxxx	Stranda brannstasjon		kr 500 000	kr 2 000 000	kr 25 000 000	kr 27 500 000
6164	Bru Fursetøyane	kr 1 000 000	kr 8 000 000			kr 9 000 000
6207	Byggefelt Stranda	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0
xxxx	Maskiner og utstyr (hullaster)	kr 0				kr 0
xxxx	Kjøp av brukt tankbil brann Stranda	kr 2 000 000				kr 2 000 000
6300	VA maskiner og utstyr (P6300-P6319)	kr 1 500 000	kr 2 000 000			kr 3 500 000
6320	Stranda VA (P6320-P6349)	kr 10 000 000	kr 40 000 000	kr 45 000 000	kr 30 000 000	kr 125 000 000
6350	Hellesylt VA (P6350-P6369)	kr 30 000 000	kr 10 000 000			kr 40 000 000
6370	Geiranger VA (P6370-P6389)	kr 10 000 000	kr 17 000 000			kr 27 000 000
xxxx	Liabygda VA	kr 0		kr 0		kr 0
6720	Trafikktrygging (P6720-P6739)	kr 2 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 5 000 000
7500	Bustader livslauf mv.	kr 7 000 000	kr 5 000 000			kr 12 000 000
7501	Planlegging/prosjektering Helse og omsorg1	kr 1 000 000	kr 1 000 000			kr 2 000 000
xxxx	Planvask av gjeldande reguleringsplanar	kr 1 500 000	kr 1 500 000			kr 3 000 000
xxxx	Planlegging Langb 3	kr 750 000	kr 750 000			kr 1 500 000

Budsjett og økonomiplan 2026 – 2029

Framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 – 2029 i tråd med kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, men med endringar som følger under:

Endring punkt 1 i tilrådinga, Løyvingsoversikt investering etter § 5-5, 1. ledd i økonomiplan

2026 – 2029 skal endrast som i tabell under. Naudsynt låneramme må justerast i tråd med dette.

- Endring punkt 2 (drift) i tilrådinga, leasing hjullastar. Eventuell leasing av ny hjullastar skal leggst inn som ei auke i driftsbudsjettet kommunalteknikk. Midlane skal takast frå reduserte budsjetterte lånekostnader (i tråd med reduksjon i investeringsbudsjettet (i tabell))
- Endring punkt 2 og 3 i tilrådinga, drift/eigedomsskatt. Eigedomskattegrunnlaget for objekta der det er kommunalt fastsett takst, skal ikkje verte kontorjustert. Dette vert også finansiert med reduksjon i budsjetterte lånekostnader (i tråd med reduksjon i investeringsbudsjettet (i tabell)) Frå 2027 og ut perioden skal det budsjetterast med reduksjon i inngang eigedomsskatt på 3 MNOK årleg.
- Endring punkt 7 i tilrådinga, eigaruttak Stranda Hamnevesen KF. Kommunestyret vedtek å be styret i SHKF om eigaruttak frå Stranda Hamnevesen KF i 2026. etter same prinsipp som tidlegare år. Kommunestyret legg derfor til grunn uttak av midlar frå overskotet på 8 mill. kroner for 2026, men legg ikkje opp til eigaruttak vidare i økonomiplan-perioden. Kommunestyret finn ikkje rom for å føre tilbake noko av eigaruttaket som vart gjort i 2025.

Forklaring til endringar i framlagt tabell investeringsbudsjett:

Byggefelt Stranda – post 6207

Tiltaket Byggefelt Stranda (post 6207) utgår. Posten vert stroke frå investeringsbudsjettet for perioden 2026–2029.

Maskiner og utstyr – Hjullaster – post xxxx

Anskaffing av hjullastar (post xxxx) vert teken ut av budsjett- og økonomiplan 2026–2029. Eventuell ny hjullastar skal vere på leasing-avtale, og tiltaket skal då flyttast til driftsbudsjettet.

Gatelys - post 6003

Det vert løyvd midlar til ei trinnvis energieffektivisering av gatelys med overgang til LED armaturar. Desse skal installerast i eksisterande infrastruktur. Etablering av målarar for reelt straumforbruk er også eit viktig kostnadssparande tiltak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekkje for politisk forankring i Utval for miljø og kommunalteknikk. Kommunedirektøren rapporterer årleg til utvalet om framdrift og effektar.

Veginvesteringar - post 6130

Det vert løyvd midlar til ei trinnvis og kostnadseffektiv satsing på veginvesteringar. Prioritet skal vere på tiltak som reduserer framtidige vedlikehaldskostnader, t.d. asfaltering med fundament, grøfter og rør. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekkje for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift, økonomi og gevinstar.

Liabygda VA – post xxxx

Vert teken ut av planen jfr. flytting av Liabygda til Fjord.

Trafikksikring - post 6720

Det vert løyvd midlar til ei målretta satsing på trafikksikringstiltak, med prioritet på eksisterande vedtak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekke for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift og tryggingstiltak.

Helse og omsorg - post 7501

Det vert løyvd midlar til planlegging og prosjektering innan Helse og omsorg. Det skal gjerast ei utgreiing av evt. strukturendringar, framtidig bruk av eksisterande bygningsmasse mv. Det vil kome ei eiga sak på dette.

Planvask av gjeldande reguleringsplanar

Det skal gjennomførast planvask av gjeldande reguleringsplanar. Dette for å sikre oppdatert planverk som gir færre dispensasjonssøknader og ei meir effektiv sakshandsaming. Kommunedirektøren rapporterer årleg om status, framdrift og resultat.

Bustadutvikling i Langlo 3

Det ver løyvd midlar for å starte arbeid med å opne for vidare bustadutvikling i Langlo 3, med vekt på å nytte eksisterande infrastruktur for veg, vatn og avløp.

Kommunedirektøren skal setje i gang med naudsynt plan- og prosjekteringsarbeid, derunder vurdering av forlenging av vegane Legesletta, Pettervegen, Tegane og Ospesletta som grunnlag for framtidig bustadføremål.

Kommunedirektøren skal setje i verk naudsynte reguleringsprosessar etter plan- og bygningslova, inkludert planprogram, konsekvensutgreiingar og detaljregulering der dette er påkravd.

Andre saker angående økonomiplan:

Sak angående vurdering av eigarskap i Tussa:

Det skal innan februar 2026 leggast fram sak for kommunestyret, med bestilling av konsulentbistand innan kraftomsetning og verdiforvaltning. Konsulent-selskapet som skal brukast skal ikkje ha bindingar til vår region eller kraftselskapa i regionen.

Konsulentane skal greie ut ei sak på evt. sal av heile eller deler av aksjane i Tussa kraft.

Det skal vere ei grundig og detaljert utgreiing som synleggjer følgjande alternativ:

- Halde fram som i dag, med verdiauke på aksjane og eit lite årleg utbytte
- Sal av alle aksjane i Tussa
- Sal av halvparten av aksjane i Tussa, t.d. A-aksjane

Sak angående innføring av investeringsplan:

Kommunestyret bestiller ei sak på innføring av investeringsplan. Intensjonen er å få på plass eit meir ryddig, realistisk og oversiktleg investeringsbudsjett og investeringar i

økonomiplanen.

Det skal utarbeidast eit «trafikklys» system, med rødt, gult og grønt nivå

- Rødt nivå- er investeringar som ikkje er verken regulert, prosjektert, gjennomført grunnkjøp eller anna planlegging
- Gult nivå - prosjekt som er under regulering/prosjektering og grunnkjøp under utarbeiding/forhandlingar
- Grønt nivå - prosjekt som er ferdig regulert, ferdig prosjektert og grunnkjøp gjennomført og alle relevante søknadar godkjent.

Slike prosjekt blir lagt inn i komande års budsjett, og lyst ut på anbod etter eigne kommunestyrevedtak.

Med eit slikt system, som er likt med det til dømes Møre og Romsdal fylkeskommune nyttar, vil grøne prosjekt bli vedtatt i eige byggjeprogram i april/mai mnd i inneverande år, for vår del skulle dette vore gjennomført i april/mai mnd i år, og vedteke byggjeprogram i juni i kommunestyret.

Vi ber kommunedirektøren kome tilbake til kommunestyret med sak på dette innan mars 2026.

Formannskapet ber om at det vert sett ned ei arbeidsgruppe for finansiering og bygging av gatelys i Geiranger, der alle relevante partar skal ta del.

24.11.2025 UTVAL FOR MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK

Framlegg i møte, foreslått av Steinar Aanning, Uavhengig

FRAMLEGG I MØTE

Framlegg frå Steinar Aanning (uavhengig) Frode Mork (uavhengig) og Stranda Høgre

Budsjett 2026 vert tatt til vitande, med følgande endring under pkt 1 i investeringsbudsjettet i kommunedirektøren si tilråding:

1. Byggefelt Stranda – post 6207

MK utvalet vedtek at tiltaket Byggefelt Stranda (post 6207) utgår. Posten vert stroke frå investeringsbudsjettet for perioden 2026–2029.

Total nedtrekk: 30 mill. kr.

Framlegget fekk 5 mot 1 røyst (Gro Anita Rjånes erklært inhabil i pkt 1)

2. Maskiner og utstyr – Hjullaster – post xxxx

MK utvalet vedtek at anskaffing av hjullaster (post xxxx) tas ut av investeringsbudsjettet. Posten vert stroke frå budsjett- og økonomiplan 2026–2029. Tiltaket vert flytta til drift, og investeringsbudsjettet vert redusert med 2,5 mill. kr.

Framlegget fekk 6 mot 1 røyst

3. Gatelys – trinnvis modernisering (post 6003)

Utvalet vedtek trinnvis energieffektivisering av gatelys med overgang til LED armaturer. Desse skal instalerast i eksisterande infrastruktur. Etablering av målarar for reelt straumforbruk er også eit viktig kostnadsbesparande tiltak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekke for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift og effektar.

Løyvingar:

- 2026: 2 mill. kr
- 2027: 5 mill. kr

- 2028: 2 mill. kr
- 2029: 1 mill. kr

Total ramme: 10 mill. kr (nedtrekk 5 mill. kr frå tidlegare ramme).

Framlegget fekk 4 mot 3 røyster

4. Veginvesteringar (post 6130)

Utvalet vedtek ei trinnvis og kostnadseffektiv satsing på veginvesteringar, med prioritet på vegar som reduserer framtidige vedlikehaldskostnader. Asfatering med fundamentering, grøfter og rør som vedlikehaldsreduserande tiltak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekke for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift, økonomi og gevinstar.

Løyvingar:

- 2026: 8 mill. kr
- 2027: 5 mill. kr
- 2028: 3,5 mill. kr
- 2029: 4 mill. kr

Total ramme: 20,5 mill. kr.

Auke i høve til tilrådd ramme: 11,5 mill. kr.

Fremlegget fekk 6 mot 1 røyst

5. Trafikksikring (post 6720)

Utvalet vedtek ei målretta satsing på trafikksikringstiltak, med prioritet på eksisterande vedtak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekke for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift og tryggingstiltak.

Løyvingar:

- 2026: 2 mill. kr
- 2027: 1 mill. kr
- 2028: 1 mill. kr
- 2029: 1 mill. kr

Total ramme: 5 mill. kr (nedtrekk 5 mill. kr frå tidlegare ramme).

Fremlegget fekk 4 mot 3 røyster

6. Planvask av gjeldande reguleringsplanar

Utvalet vedtek gjennomføring av planvask av gjeldande reguleringsplanar. Dette for å sikre oppdatert planverk som gir ferre dispensasjonssøknader og dermed ei meir effektiv sakshandsaming. Kommunedirektøren rapporterer årleg om status, framdrift og resultat.

Løyvingar:

- 2026: 1,5 mill. kr
- 2027: 1,5 mill. kr

Total ramme: 3 mill. kr.

Fremlegget fekk 6 mot 1 røyst

7. Bustadutvikling i Langlo 3

- Kommunedirektøren får i oppdrag å starte arbeid med å opne mulegheitsrommet for vidare bustadutvikling i Langlo 3, med vekt på å nytte eksisterande infrastruktur for veg, vatn og avløp.
- Kommunedirektøren skal igangsetje naudsynt plan- og prosjekteringsarbeid, herunder vurdering av forlenging av vegane Legesletta, Pettervegen, Tegane og Ospesletta som grunnlag for framtidig bustadføremål.
- Kommunedirektøren skal setje i verk naudsynte reguleringsprosessar etter plan- og bygningslova, inkludert planprogram, konsekvensutgreiningar og detaljregulering der

dette er påkravd.

- Tiltaket skal innarbeidast i Budsjett og økonomiplan 2026–2029, med ei total økonomisk ramme på 1,5 mill. kroner, fordelt slik:

2026: 0,5 mill. kroner

2027: 0,5 mill. kroner

2028: 0,5 mill. kroner

Løyvingane skal nyttast til planlegging, prosjektering, planfaglege utgreiingar og anna nødvendig førearbeid for å sikre eit fagleg og rettsleg tilfredsstillande grunnlag for vidare bustadutvikling i Langlo 3.

Fremlegget fekk 6 mot 1 røyst

Omfordeling av midlar

Frigjorte midlar frå investeringsbudsjettet:

- Byggefelt Stranda: 30 mill. kr
- Nedtrekk gatelys: 5 mill. kr
- Nedtrekk trafikkisikring: 5 mill. kr
- Hjullaster flyttast til drift: 2,5 mill. kr

Sum frigjorte midlar: 42,5 mill. kr

Bundne midlar:

- Planvask: 3 mill. kr
- Auke i veginvesteringar: 11,5 mill. kr
- Langlo 3 1,5 mill. kr

Sum bundne midlar: 16 mill. kr

Gjenståande omdisponerbare midlar:

42,5 mill. kr – 16 mill. kr = 26,5 mill. kr

Grunngiving

MK utvalet vurderer at dei samla justeringane i investeringsbudsjettet gir ei betre fordeling av ressursar mot tiltak med størst dokumentert samfunnsnytte, mellom anna redusert drifts- og vedlikehaldskostnader, mindre energiforbruk, bruk av eksisterende infrastruktur i bustadfelt og målretta tryggingstiltak. Alle prosjekt innan gatelys, veg, bustadfelt og trafikkisikring krev politisk forankring før oppstart, sikrar utvalet openheit, kontroll og tydelege prioriteringar i økonomiplanperioden 2026–2029.

Møtebehandling

Gro Anita Rjånes erklært inhabil i pkt 1 i framlegget i møtet.

Tilråding til formannskapet

MK - 055/25 Vedtak

Budsjett 2026 vert tatt til vitande, med følgande endring under pkt 1 i investeringsbudsjettet i kommunedirektøren si tilråding:

1. Byggefelt Stranda – post 6207

MK utvalet vedtek at tiltaket Byggefelt Stranda (post 6207) utgår. Posten vert stroke frå investeringsbudsjettet for perioden 2026–2029.

Total nedtrekk: 30 mill. kr.

2. Maskiner og utstyr – Hjullaster – post xxxx

MK utvalet vedtek at anskaffing av hjullaster (post xxxx) tas ut av investeringsbudsjettet. Posten vert stroke frå budsjett- og økonomiplan 2026–2029. Tiltaket vert flytta til drift, og investeringsbudsjettet vert redusert med 2,5 mill. kr.

3. Gatelys – trinnvis modernisering (post 6003)

Utvalet vedtek trinnvis energieffektivisering av gatelys med overgang til LED armaturer. Desse skal instalerast i eksisterande infrastruktur. Etablering av målarar for reelt straumforbruk er også eit viktig kostnadsbesparande tiltak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekkje for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift og effektar.

Løyvingar:

- 2026: 2 mill. kr
- 2027: 5 mill. kr
- 2028: 2 mill. kr
- 2029: 1 mill. kr

Total ramme: 10 mill. kr (nedtrekk 5 mill. kr frå tidlegare ramme).

4. Veginvesteringar (post 6130)

Utvalet vedtek ei trinnvis og kostnadseffektiv satsing på veginvesteringar, med prioritet på vegar som reduserer framtidige vedlikehaldskostnader. Asfatering med fundamentering, grøfter og rør som vedlikehaldsreduserande tiltak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekkje for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift, økonomi og gevinstar.

Løyvingar:

- 2026: 8 mill. kr
- 2027: 5 mill. kr
- 2028: 3,5 mill. kr
- 2029: 4 mill. kr

Total ramme: 20,5 mill. kr.

Auke i høve til tilrådd ramme: 11,5 mill. kr.

5. Trafikksikring (post 6720)

Utvalet vedtek ei målretta satsing på trafikksikringstiltak, med prioritet på eksisterande vedtak. Før oppstart skal kommunedirektøren leggje fram ei prioritert tiltaksrekkje for politisk forankring i MK utvalet. Kommunedirektøren rapporterer årleg om framdrift og tryggingstiltak.

Løyvingar:

- 2026: 2 mill. kr
- 2027: 1 mill. kr
- 2028: 1 mill. kr
- 2029: 1 mill. kr

Total ramme: 5 mill. kr (nedtrekk 5 mill. kr frå tidlegare ramme).

6. Planvask av gjeldande reguleringsplanar

Utvalet vedtek gjennomføring av planvask av gjeldande reguleringsplanar. Dette for å sikre oppdatert planverk som gir ferre dispensasjonssøknader og dermed ei meir effektiv sakshandsaming. Kommunedirektøren rapporterer årleg om status, framdrift og resultatar.

Løyvingar:

- 2026: 1,5 mill. kr
- 2027: 1,5 mill. kr

Total ramme: 3 mill. kr.

7. Bustadutvikling i Langlo 3

- Kommunedirektøren får i oppdrag å starte arbeid med å opne mulegheitsrommet for vidare bustadutvikling i Langlo 3, med vekt på å nytte eksisterande infrastruktur for veg, vatn og avløp.
- Kommunedirektøren skal igangsetje naudsynt plan- og prosjekteringsarbeid, herunder vurdering av forlenging av vegane Legesletta, Pettervegen, Tegane og Ospesletta som grunnlag for framtidig bustadføremål.
- Kommunedirektøren skal setje i verk naudsynte reguleringsprosessar etter plan- og bygningslova, inkludert planprogram, konsekvensutgreiingar og detaljregulering der dette er påkravd.
- Tiltaket skal innarbeidast i Budsjett og økonomiplan 2026–2029, med ei total økonomisk ramme på 1,5 mill. kroner, fordelt slik:

2026: 0,5 mill. kroner

2027: 0,5 mill. kroner

2028: 0,5 mill. kroner

Løyvingane skal nyttast til planlegging, prosjektering, planfaglege utgreiingar og anna nødvendig førearbeid for å sikre eit fagleg og rettsleg tilfredsstillande grunnlag for vidare bustadutvikling i Langlo 3.

Omfordeling av midlar

Frigjorte midlar frå investeringsbudsjettet:

- Byggefelt Stranda: 30 mill. kr
- Nedtrekk gatelyst: 5 mill. kr
- Nedtrekk trafikksikring: 5 mill. kr
- Hjullaster flyttast til drift: 2,5 mill. kr

Sum frigjorte midlar: 42,5 mill. kr

Bundne midlar:

- Planvask: 3 mill. kr
- Auke i veginvesteringar: 11,5 mill. kr
- Langlo 3 1,5 mill. kr

Sum bundne midlar: 16 mill. kr

Gjenståande omdisponerbare midlar:

42,5 mill. kr – 16 mill. kr = 26,5 mill. kr

Grunngiving

MK utvalet vurderer at dei samla justeringane i investeringsbudsjettet gir ei betre fordeling av ressursar mot tiltak med størst dokumentert samfunnsnytte, mellom anna redusert drifts- og vedlikehaldskostnader, mindre energiforbruk, bruk av eksisterande infrastruktur i bustadfelt og målretta tryggingstiltak. Alle prosjekt innan gatelyst, veg, bustadfelt og trafikksikring krev politisk forankring før oppstart, sikrar utvalet openheit, kontroll og tydelege prioriteringar i økonomiplanperioden 2026–2029.

Møtebehandling

Tilråding til formannskapet samrøystes

LKU - 051/25 Vedtak

Levekårsutvalet tek budsjett 2026/Økonomiplan 2026-2029 til vitande

14.11.2025 ARBEIDSMILJØUTVALET

Høgt investeringsnivå, foreslått av Tone Merete Lillebø,

AMU tek budsjett 2026 og økonomiplan 2027-2029 til orientering.

AMU ser med bekymring på investeringsnivået det er lagt opp til i budsjett 2026 og økonomiplan 2027-2029. Dette vil ha stor innverknad på einingane si drift og tenestenivå.

Vedtak 5 mot 1 røyst

Møtebehandling

Uttale frå AMU 5 mot 1 røyst

AMU - 085/25 Vedtak

AMU tek budsjett 2026 og økonomiplan 2026 til 2029 til orientering med følgjande kommentar:

Høgt investeringsnivå:

AMU ser med bekymring på investeringsnivået som er lagt opp til i budsjett for 2026 og i økonomiplanperioden 2027- 2029. Dette vil ha stor innverknad på einingane si drift og tenestenivå.

12.11.2025 FORMANNSKAPET

Møtebehandling

Saka drøfta

FOR - 129/25 Vedtak

SAKSUTGREIING

Det er fastsett i kommunelova at alle kommunar skal vedta ein økonomiplan og årsbudsjett. Føremålet er at kommunar «skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.»

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise korleis kommunestyret prioriterer og gjev løyvingar til ulike oppgåver og tenester. Både driftsdelen og investeringsdelen i økonomiplanen (og årsbudsjettet) skal vere i balanse og realistisk budsjett.

Økonomiplanen skal rullerast, dvs. omfatte eit nytt «år 4» når «år 1» i gjeldande økonomiplan-periode nærmar seg slutten. Økonomiplanen og årsbudsjettet må ikkje handsamast samstundes, dvs. det kan vere separat handsaming t.d. ved at økonomiplanen vert vedteken i siste møterunde før sommarferien og årsbudsjettet i desember. Årsbudsjettet er år 1 i økonomiplanen, og består av eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett.

Økonomiplanen som skal gjelde for minst fire år fram i tid, kan òg tene som kommunen sin handlingsdel (handlingsprogram) til kommuneplanen.

Saksopplysningar

Det vert vist til det framlagde budsjettdokumentet frå kommunedirektøren.

Vedlegg:

Dok.dato:

Vedlegg:

Dok.ID

11.11.2025	Budsjett 2026	426745
10.11.2025	Einingane - Tiltak 2026	426507
09.11.2025	Storfjorden Kyrkjelege Fellesråd - Budsjettframlegg 2026	426492
09.11.2025	Budsjettframlegg 2026 samla	426493
09.11.2025	Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv - Søknad grunnfinansiering 2026	426499
09.11.2025	Årsrekneskap SGV 2024_signert	426500
09.11.2025	Årsrapport_2024_med signatur	426501
09.11.2025	Søknad frå Norske Kvinneres Sanitetsforening - Driftstilskot for 2026	426490
09.11.2025	Vår.praksis	426491
09.11.2025	Nødmeldeavgift 2026 - 2029 Møre og Romsdal 110-sentral	426489
09.11.2025	Strandaindustriens historie - Søknad om støtte til husleige/straum for 2026	426503
09.11.2025	Stranda idrettsråd. - Søknad om driftsmidlar 2026	426504
18.11.2025	Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Stranda kommune - Budsjett 2026/Økonomiplan 2026 - 2029	427349
18.11.2025	Uttale frå Eldrerådet - Stranda kommune - Budsjett 2026/Økonomiplan 2026 - 2029	427350